



Hardangerrådet iks



Hardanger

**INNKALLING TIL MØTE I RÅDMANNSFORUM**

**Dato: Onsdag 10.12.2025**

**Pr. E-post**

**Saker til handsaming:**

**RF-sak 45/25 Innkalling og sakliste**

**RF-sak 46/25 Godkjenning av referat HR og RF 05.12.2025**

**RF-sak 47/25 Møteplan Rådmannsforum 2026**

**RF-sak 48/25 Val av ny leiar Rådmannsforum 2026 - 2027**

**Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 48954550  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

**Kinsarvik 10.12.2025**

**Magnus Steigedal /s  
Leiar Rådmannsforum**

**Ann Irene Myrheim  
dagleg leiar**



## MØTEBOK Hardangerrådet

**Dato:** Fredag 05.12.2025  
**Klokka:** 09.00 - 14.30  
**Stad:** Formannskapssalen i Odda

### Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch - rådsordfører
Eidfjord kommune:	Rådmann Magnus Steigedal - leiar rådmannsforum
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug
Ullensvang herad:	Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven
Ulvik herad:	Kommunedirektør Thore Hopperstad
Hardangerrådet iks:	Dagleg leiar Ann Irene Myrheim Konsulent Trude L. Rinaldo

### Forfall:

Kvam herad: Rådmann Anita Hesthamar

### Agenda:

09:00 - 13:00	Hardangerrådet sakshandsaming
13:00 - 14:00	Lunsj
14:00 - 14:30	Takke av Eidfjord Rådsordfører og leiar Rådmannsforum

### Saker til handsaming:

#### HR-sak 42/25 & RF-sak 33/25

#### Innkalling og sakliste

#### Vedtak:

Innkallinga godkjent slik den ligg føre.

#### HR-sak 43/25 & RF-sak 34/25

#### Godkjenning av møtebok frå Rådsmøte den 24/10 og Rådmannsforum den 11.09.2025

#### Vedtak:

Møtebøkene godkjende slik dei ligg føre.

#### HR-sak 44/25 & RF-sak 35/25

#### Meldingar

#### Vedtak:

Råda tek meldingar til vitande

- Evaluering Hardangerkonferansen 2025
- Fjordtinget i Øystese 17. juni 2026
- Fjernarbeid og Staten
- Vest i Øst med Fv Rv 13, Ryfylkerådet og evt andre.
- Ann Irene: Interkommunalt samarbeid - ettersendt 08.12.2025



## HR-sak 45/25 & RF-sak 36/25

## Orienteringssaker

### Vedtak:

Rådet tek orienteringane til vitande

1. Orientering om Turistbåtruta.
2. VLFK, [Hovudutval for Næring](#) den 18.11.2025
3. VLFK, [Hovudutval for mobilitet og samferdsel](#) den 18.11.2025
4. VLFK, [Hovudutvalet for opplæring og kompetanse](#) den 19.11.2025
5. VLFK, Fylkesutvalet den 25. - 26.11.2025
6. Søknad til Omstillingsprosjektet for reiselivet i Eidfjord og Ulvik.

## HR-sak 46/25 & RF-sak 37/25 Søknad Hardanger Open

### Vedtak:

Hardangerrådet iks løyver kr 25.000 frå restmidlar til Hardanger Open 2026.  
Hardangerrådet iks ønskjer Hardanger Open 2026 lykke til med arrangementet.

## HR-sak 47/25 & RF-sak 38/25 Pilegrimssenter i Røldal jfr. vedtak frå 2013

### Vedtak:

Hardangerrådet IKS viser til vedtak HR-sak 41/13 av 10.10.2013 og dei opphavlege rammene som der vart fastsette.

1. Hardangerrådet IKS vedtek at tilskotsmidlane ikkje vert utbetalte før prosjektet er fullt finansiert og skal realiserast, i samsvar med vilkåra i det opphavlege vedtaket.
2. Etter at Odda kommune ikkje lenger eksisterer som eigen kommune, tilrår Hardangerrådet at tilskotsmidlane kan utbetalast til Ullensvang kommune når prosjektet oppfyller dei fastsette vilkåra for utbetaling.
3. Prosjektet skal vere realisert innan 5 år frå vedtaksdato. Dersom prosjektet ikkje vert gjennomført innan denne fristen, fell tilskotsmidlane automatisk tilbake til fondet.

## HR-sak 48/25 & RF-sak 39/25 Dato og tema for fellesmøte med Sunnhordlandsrådet

### Vedtak:

Hardangerrådet flyttar fellesmøte med Sunnhordlandsrådet til Eidfjord den 10.04.25.  
Lagar miniseminar om ungdom, inkludering, folkehelse og antidopingarbeid.



## **HR-sak 49/25 & RF-sak 40/25 Val av ny rådsordfører og leiar av rådmannsforum**

Saka vart flytta som siste post i sakskartet

### **Vedtak:**

Til Rådsordfører for 2026-2027 vert vald: Jens Olav Holven, Ulvik herad

Til Rådsvaraordfører for 2026-2027 vert vald: Torgeir Næss, Kvam herad

## **HR-sak 50/25 & RF-sak 41/25 Diskusjonssak - Regional reiselivsutvikling**

### **Vedtak:**

Saka vert teke til vitande

## **HR-sak 51/25 & RF-sak 42/25 Diskusjonssak - Innspel til Statsforvaltar**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet IKS vedtek å invitera Statsforvaltaren i Vestland til Hardingtinget 2026  
Statsforvaltaren vert òg invitert til samlinga kvelden før, med mål om å leggja til rette for ein fagleg og god dialog med ordførarane og rådmenna i Hardanger-kommunane.

## **HR-sak 52/25 & RF-sak 43/25 Uttale grunnrenteskatten og naturressursskatten for vannkraft**

### **Vedtak:**

Hardangerrådet iks sender uttale til Finansdepartementet i tråd med LVK sin uttale

## **HR-sak 53/25 & RF-sak 44/25 Saker som kjem til.**

### **Vedtak:**

Dagleg leiar i Hardangerrådet iks får mandat til å sitta i styringsgruppe Kraftturismeprojektet" på vegne av Hardangerkommunane Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Kvam.

Møteboka godkjent 09.12.2025

Timo Knoch  
Rådsordfører

Magnus Steigeland  
Leiar Rådmannsforum

Ann Irene Myrheim  
Dagleg leiar/referent



Hardanger

Møtedato 10.12.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

RF-sak 47/25

Møteplan 2026 for Rådmannsforum

**Saksutgreiing:**

Kommunane i Hardanger har godkjent at Hardangerrådet har sine fellesmøter på fredagar. Rådmannsforum finn det naturleg å leggje sine møter til fredag veka før.

Skuleruteferienane i 2026 er slik:

Vinterferie	Veke 8/9	16.02 - 27.02
Påske	Veke 14/15	30.03 - 07.04
Pinse	Veke 21/22	24.05 - 25.05
Sommarferie	Veke 26/34	22.06 - 17.08
Haustferie	Veke 40/41	28.09 - 09.10
Joleferie	Veke 52/01	22.12 - 04.01

**Framlegg til vedtak:**

Rådmannsforum vedtek framlagt møteplan 2026.

**Møteplan 2026**

2026	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni-Aug	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet	Fredag 16.  Ulvik		Fredag 27.  Kvam  Årsmøte	Fredag 10.  Eidfjord  Fellesmøte inkl. Sunnhordland	Fredag 22.  Ulvik		Fredag 11.  Kvam	Fredag 9.  Odda		Fredag 18.  Jondal/Utne
Hardingtinget Hardanger- konferansen		Fredag 13. Ullensvang  Harding- tinget							Tors-Fred 5.-6. Eidfjord  Hardanger konferansen	
Rådmannsforum		Fredag 6.  Digitalt	Fredag 20.  Kvam	Fredag 10.  Eidfjord  Fellesmøte HR og Sunnhordland	Fredag 15.  Ulvik		Fredag 4.  Digitalt	Fredag 9.  Digitalt		Fredag 18.  Fellesmøte Jondal/Utne



Hardanger

Møtedato 10.12.2025

Saksansvarleg Ann Irene Myrheim

## RF-sak 48/25

## Val av ny leiar Rådmannsforum 2026 - 2027

### Vedtak:

### Framlegg til vedtak:

Til leiar Rådmannsforum for 2026-2027 vert vald: Thore Hopperstad, Ulvik herad

Til nestleiar Rådmannsforum for 2026-2027 vert vald: Anita Hesthamar, Kvam herad

### Saksvedlegg:

1. Samspelsreglar for Rådmannsforum i Hardangerrådet av 2013 Vedtekne 22.11.13
2. HR-vedtekter av 11.5.2001

### Saksutgreiing:

I samsvar med samspelsreglar skal det veljast ny leiar og nestleiar i Rådmannsforum for 2026-2027.

Desse verva har dei siste åra vore dei same kommunane som har rådsordførar og rådsvaraordførar.

Rådmannsforum vart fyrste gong konstituert 24.09.01

Normal prosedyre i Rådmannsforum er at verva har gått på omgang mellom kommunane/ herada, med 2-års periodar, og nestleiar har vore tenkt som påtroppande leiar.

Desse vore leiar i Rådmannsforum:

2001-03	Knut Terje Rekve, Kvam
2004-05	Magnus Mjør, Ullensvang
2006-07	Finn Kristoffersen, Odda
2008-09	Tone Tveito Eidnes, Ullensvang
2010-11	Aud Opheim Lygre, Eidfjord
2012-13	Hallvard Bjørge, Granvin
2014-15	Ingrid Guddal, Odda
2016-17	Siv Helle Prestegar, Jondal
2018-19	Thore Hopperstad, Ulvik
2020-21	Anita Hesthamar, Kvam
2022-23	Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang
2024-25	Magnus Steigedal, Eidfjord

Etter denne turnusen så står Ulvik herad for tur til å ha leiar i Rådmannsforum 2026 - 2027, ved at Ulvik herad har hatt nestleiar i Rådmannsforum dei 2 siste åra.

Om ein følgjer etablert praksis justert for endringar i medlemskommunar vil Kvam herad stå for tur til å ha nestleiar i Rådmannsforum for perioden 2026-2027.



**Hardangerrådet**



Hardanger

## **Samspelsreglar for Rådmannsforum i Hardangerrådet iks. Vedtekne 22.11.2013**

### **1. Rådmannsforum.**

Rådmannsforum i Hardangerrådet iks er ei administrativ gruppe der rådmennene i dei 7 Hardangerkommunane deltek. Rådmannsforum har regelmessige møte og vel leiar for 2 år om gongen. Unntaksvis kan assisterande rådmann eller andre i staben møta i Rådmannsforum. Dette avgjer den enkelte rådmann.

### **2. Mål for samarbeidet**

- Etablere robuste fagmiljø i Hardanger.
- Optimalisere ressursbruken gjennom samarbeid til det beste for innbyggjarane i Hardanger.
- Styrke Hardanger sitt omdømme gjennom samhold og felles opptreden.

### **3. Saksarbeid**

- a. Saker til Rådmannsforum vert melde frå den einskilde rådmann, initiert av dagleg leiar i Hardangerrådet eller andre instansar. Dagsorden for møta vert sett av leiaren.
- b. Rådmannsforum avgjer korleis saker skal arbeidast med. Dette avheng av kva stadium i prosessen sakene er i.
- c. I saker som føreset fagleg-administrativ oppfølging i/mellom kommunar, vert desse oversendt rådmennene i aktuelle kommunar.
- d. Saker som skal til Regionrådet/Ordførarane vert vidaresende.
- e. Rådmannsforum følgjer opp dei ulike sakene og tek avgjer der dette er nødvendig.

### **4. Prosessen fram til ei etablering av ny teneste**

- I oppretting av tenestesamarbeid mellom kommunane/herada etablerer Rådmannsforum eigne arbeidsgrupper der deltakande kommunar er representerte.
- Rådmannsforum utformer mandat til kvar gruppe.
- Rådmannsforum fastset prinsipp for utveksling av kvar teneste herunder det vanskelege punktet om fordeling av hovudansvar
- Alle kommunar som vil utveksle ei teneste vert representerte i gruppa som skal arbeide med denne tenesta
- Arbeidsgruppene innstiller til Rådmannsforum
- Saker vert sende på høyring til kommunar og organisasjonar
- Utvekslinga vert sett i verk når prosjektet er godkjent i samarbeidskommunane/herada
- Når arbeidsgrupper vert etablert så utnevner Rådmannsforum ein «sakordførar» – kontaktperson for prosjektet. Dette for å sikre kvaliteten på arbeidet gjennom heile prosjektet.

### **5. Sekretariat**

Rådmannsforum får sekretærtjeneste frå dagleg leiar i Hardangerrådet, som sender innkalling og skriv møtereferat. Rådmannsforum brukar i hovudsak epost som kommunikasjonsmiddel. Rådmenn som ikkje er tilstades på møta har sjølve ansvar for gjera seg kjende med møtereferatet.

### **Underskrifter:**

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

# VEDTEKTER

Vedtekne på årsmøtet 11.05.2001

## KAPITTEL 1 FØREMÅL OG LOKALISERING

### § 1 føremål

Hardangerrådet er eit regionalpolitisk samarbeidsorgan for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

### § 2 føresetnader

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

### § 3 lokalisering

Kontorstaden for hovudadministrasjonen er Kinsarvik.

### § 4 målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å klarleggja og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen for å vidareutvikla området næringsmessig, sosialt og kulturelt.
2. Å styrkja identiteten i regionen ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane, næring, skule og kultur.
3. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylkesstyre- og sentralstyremakter, i saker der dette er naturleg.
4. Ei praktisk oppfølging av fylkes- og fylkesdelplanar.
5. Pådrivar for å fremja viktige regionale saker overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
6. Arbeida for at regionen vert tilført statlege og fylkeskommunale ressursar.
7. Arbeida aktivt for å lokalisera ny aktivitet inn i regionen.
8. Samordna etableringshjelp og rådgjevingsteneste for næringslivet i regionen.

## KAPITTEL 2 ORGANISERING OG STYRING

### § 5 organisasjon

Hardangerrådet sine organ er Hardingtinget, Regionrådet, Rådmannsforum og dagleg leiar.

Utskrift av Hardangerrådet sine møtebøker vert sendt til kommunane og eventuelt andre samarbeidspartnarar.

### § 6 Hardingtinget

Hardingtinget er Hardangerrådet sitt øvste organ. Tinget gjer vedtak på vegne av Hardangerrådet så langt ikkje anna følgjer av lov, desse vedtektene eller delegasjonsvedtak.

Hardingtinget kan delegera mynde til å gjera vedtak på Hardangerrådet sine vegne til Regionrådet eller dagleg leiar.

Hardingtinget kan på einskildområde setja ned eigne rådgjevande fagutval.

Hardingtinget vert valt for ein kommunestyreperiode. Det einskilde kommunestyre vel sjølv 3 representantar m/personlege vara til tinget på det konstituerande møtet for valperioden. Ordføraren skal vere ein av dei tre representantane frå kommunen.

Hardingtinget er vedtaksført når minst 6 kommunar er tilstades. Ved avstemmingar har kvar representant røysterett.

Dagleg leiar i Hardangerrådet og rådmennene i medlemskommunane kan ta del i møta i Hardingtinget med tale- og framleggsrett.

Rådsordførar kan kalla inn andre til møta når han/ho finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane.

Det skal haldast minst to møte i Hardingtinget kvart år. Det eine møtet skal haldast innan utgangen av mai og skal vere årsmøte.

Årsmøtet skal:

1. godkjenna årsmeldinga
2. godkjenna rekneskapen for siste år
3. godkjenna budsjettet for komande år
4. godkjenna arbeidsplan
5. velja rådsordførar og rådsvaraordførar
6. velja revisor
7. velja valnemnd
8. handsama andre saker som regionrådet har lagt fram
9. fastsetja godtgjersle til rådsordførar

## **§ 7 Regionrådet**

Regionrådet er samansett av ordførarane i dei 7 medlemskommunane. Varaordførar i kommunen er personleg vararepresentant for ordføraren i regionrådet.

Regionrådet er vedtaksført når minst 5 av medlemene er til stades. Ved røysteliskap er leiaren si røyst avgjerande.

Dagleg leiar i Hardangerrådet tek del i møta i Regionrådet med tale- og framleggsrett.

Rådmannsforum vel ein representant med personleg vararepresentant som tek del i møta i Regionrådet med tale- og framleggsrett.

Rådet sjølv eller rådsordføraren kan kalla inn andre til møta når han finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane.

Regionrådet kan gjera vedtak når det har fått delegert slik mynde frå Hardingtinget. Rådet kan uten delegasjonsvedtak likevel gjera vedtak i einskildsaker og uttala seg på vegne av rådet i saker som ikkje har prinsipielle følgjer.

Regionrådet har mynde til å gjera vedtak i saker som skulle vore handsama av Hardinginget, når vedtak må gjerast så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn tinget til møte.

Som hovudregel skal regionrådet gje tilråding i alle saker som skal avgjerast av Hardinginget. Rådet skal ta initiativ til å fremja intensjonane i §§ 1-4 og til å drøfta saker av sams interesse for 2 eller fleire kommunar.

Regionrådet er samordningsinstans for dei utvala og aktivitetane som regionrådet femner om. Rådet kan på einskildområde setja ned eigne rådgevande fagutval.

Regionrådet har møte etter oppsett møteplan eller når rådsordførar eller 3 av medlemmane krev det.

## **§ 8 Rådmannsforum**

Rådmannsforum er samansett av rådmennene i dei 7 medlemskommunane.

Rådmannsforum skal arbeida for å fremja samarbeidet mellom administrasjonane i medlemskommunane.

## **§ 9 valnemnd**

Valnemnda er samansett av 2 representantar vald av og blant medlemmane i Hardinginget. Valnemnda skal koma med framlegg til Hardinginget om val av rådsordførar og rådsvaraordførar.

## **§ 10 hovudkontor/administrasjon**

Hovudadministrasjonen har ansvaret for å leggja saker til rette og setja i verk vedtak som er fatta av Hardangerrådet sine politiske organ.

Regionrådet tilset dagleg leiar.

### **Dagleg leiar sine oppgåver:**

- Ansvarleg for dagleg drift, personale og budsjett/rekneskap for heile organisasjonen.
- Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen.
- Sekretær for Hardinginget, Regionrådet og Rådmannsforum.
- Samordna arbeidet til Hardangerrådet og førebu saker til Hardinginget og Regionrådet.
- Setja i verk vedtak fatta av Hardinginget og Regionrådet.
- Ansvarleg for oppfølging av utviklingsplan, tiltaksarbeid og prosjektarbeid.

## **§ 11 arbeidsgjevarfunksjonen**

Hardangerrådet har arbeidsgjevarfunksjon for alt personale tilsett i rådet. Regionrådet utøver den daglege arbeidsgjevarfunksjonen på vegne av rådet. Regionrådet kan delegere mynde til å treffe avgjerdsle i personalsaker til dagleg leiar.

## **§ 12 finansiering/økonomi**

Hardinginget vedtek innstilling om årsbudsjett som vert sendt til kommunane innan utgangen av august månad. Regionrådet er budsjettansvarleg. Regionrådet har fullmakt til å føreta budsjettreguleringar innanfor vedteke budsjett og til å styrke budsjettet ved bruk av inntekter ut over det budsjetterte.

Hardangerrådet sitt budsjett skal dekke:

- Dagleg drift
- Finansiering av prosjekt/tiltak i regionen. Rådet kan ikkje setja i gang tiltak som fører med seg større økonomiske plikter enn det inntektene gjev grunnlag for.
- For store prosjekt skal det utarbeidast egne budsjett, som skal godkjennast av rådet og kommunane/herada dersom det ikkje er dekning på rådet sitt budsjett.

Reiseutgifter og anna godtgjersle for kommunale representantar i Hardangerrådet sine organ og i prosjektarbeid vert dekke av den einskilde kommune, dersom anna ikkje er avtala.

Reiseutgifter og godtgjersle til andre vert dekke av Hardangerrådet, etter dei til ei kvar tid gjeldande satser.

### KAPITTEL 3

#### SAKSHANDSAMINGSREGLAR OG KOMMUNANE SINE PLIKTER

##### **§ 13 sakshandsaming**

Hardangerrådet føl sakshandsamingsreglane i samsvar med føresegnene i kommunelova kapittel 6 - sakshandsaming i folkevalde organ.

##### **§ 14 økonomi**

Tilskot frå kommunane vert å betala i to terminar à 50%, 15. januar og 15. juni etter vedteke fordelingsprinsipp.

### KAPITTEL 4

#### VEDTEKTER FOR SAMARBEIDET

##### **§ 15 vedtekter**

Hardangerrådet sine vedtekter er gyldig når dei er godkjende av dei 7 medlemskommunane. Endring av vedtektene kan berre verta gjort på årsmøtet. Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene på årsmøtet.

### KAPITTEL 5

#### UTMELDING/OPPLØYSING

##### **§ 16 utmelding**

Den einskilde kommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sitt deltakartilhøve i Hardangerrådet, jfr. reglane i kommunelova § 27 nr 3.

Oppseiingsfristen på eit år gjeld frå 31.12. det året oppseiinga finn stad. Kommunar som melder seg ut, har plikt til å betala medlemstilskot inntil utmeldinga er effektiv.

##### **§ 17 oppløysing**

Hardangerrådet kan oppløysast av Hardangerringet om 5 av kommunane røyster for det. Slikt møte i tinget må kallast saman med ein frist på 12 månader og 2/3 av medlemmane må vera til stades. Møtet gjer vedtak om disponering av midlar eller dekning av gjeld. Alle kommunane må vere representerte.